


GRAVING ETTER SJØSAND I STAMNES

Fridtjov Dæmring

Alt frå siste halvdel av 1800-talet har det langs « Straumane» i Stamnes-området vorte teke ut sand frå dei mange «sandhaugane» som fanst der. Frå først av var det vel berre fin sand eller pussesand som vart teke ut. Sanden vart teken frå laglege stader langs stranda, og lasta ombord i «Ostraskuter» og ført til Bergen, der den vart brukt til ymse murarbeid. Og etterkvar som det vart vanleg med større og meir moderne bygningar i byen, vart det og bruk for meir og meir sand av ymse kvalitetar, og det vaks fram ein heil flåte av mindre sandskøyter til å føra denne sanden. Og Stamnes var ei tid sentrum for denne verksemda, der mange var sysselsette, både på sjø og land!

Men sandressursane i Stamnes minka, og på land vart det etterkvar heilt slutt. Og det vart leita etter andre sandførekommstar. Mange hadde lenge meint at det var meir sand å finne ymse stader langs sjøbotn her i distriktet. Berre ein kunne få tak i han på ein rimeleg måte.

Her på Dæmring hadde me lenge gått og sett på den fine sandbanken som låg i sjøen rett utanfor naustet vårt. Og me hadde lenge diskutert metodar for å få tak i denne fine sanden. Me var kjende med at i Danmark dreiv dei å pumpa sanden opp frå sjøbotn. Me skreiv dit etter opplysningar frå fleire firma som hadde utstyr til slikt bruk. Men det synte seg at for det fyrste var det skammeleg dyrt, og dessutan var alt basert på elektrisk straum og det hadde me ikkje i Stamnes i 30 åra. Me forlet difor pumpemetoden og spekulerte vidare. Bror min, Arnvid, åtte ei sandskuta, Capella. Capella var i motsetnad til mange andre båtar den tida, utstyrt med motor på vinsjen. Så kom eg ein dag på : « Enn om me nytta denne vinsjen saman med ein omarbeida reiskap de brukta ved agnskjelgraving her i fjorden?» Det måtte prøvast! Eg tok robåten og reiste ut i Vikaståæ, der visste eg at det låg lagra ein del utstyr til skjelgraving. Det var ei skjeljaskrapa eg hadde brukt før og den fann eg. Eg fekk låna skjeljaskrapa av eigaren: Tok ho i båten og rodde heim att. Ei skjeljåskrapa er eitt av fleire slags reiskapar som vert nytta til graving av agnskjell her i fjorden. Skrapa er ein ring av jarn med eit skjær av stål som skrapar mot botn. Ringen er forsynt med ei hank, ein bøyle for festing av tau. Og påmontert eit skaft eller stang til styring av skrapa når den er i bruk. Den komplette skrapa vert brukt til å skrapa laus skjela frå festa til steinar o.l. på botn.



Reiskap og bruk, fyrste forsök på å ta sand fra sjøbotnen; Stamnes.

F. Dæmring.

Reiskap og bruk, fyrste forsök på å ta sand fra sjøbotnen i Stamnes

Teikna av Fridtjov Dæmring

Dei lause skjela vert deretter fanga opp i ein nettingbotn i skrapa. Eg reiste heim og arbeidde om denne skjeljaskrapa, slik eg meinte ho burde vera til å grava sand med. Eg skifta ut nettingbotn med ein god jutesekk som vart kraftig festa til jernringane. Eg skar opp botn i sekken og sette i seiringar, det vart smetta tjukt snøre gjennom ringane og sekken vart snurpa att i botn. Eg laga ei høveleg kasteblokk av flatjern og ei god blokkskjeba for lossewiren.

Så la me Capella på plass ved den undersjøiske sanddungen utanfor naustet. Kasteblokka vart skruva fast til skansekledningen på båten omlag ved vantet på babord (vestre) side. Lossewiren vart festa til hanka på skrapa og deretter lagt om kasteblokka. Og heile ausa vart deretter senka på botn omlag bak ved styrehuset

på båten, så vart vinsjen sett i gang og skrapa vart såleis slept lang heile sida på Capella. Det var noko spennande sekundar før vinsjmotoren fortalde at ausa var full. Og det vart ho etter berre nokre få meter slep. Losswiren vart løyst frå kasteblokka og ausa vart heva klar av sjøen og fangsten vart studert og det kom tilfredsstillande ytringar både frå konstruktør og det øvrige mannskapet. Eksperimentet hadde lukkast.

Det var første freistnaden på å grava opp sjøsand i Stamnes og mange tusen hektoliter vart seinare teke opp på den måten. Og metoden verkar bra, særleg etter at ein fekk vekk alle barnesjukdommane. Og dei, var det ein del av. Særleg vart jutesekken lite varig, slik at ein tidleg måtte skifta han ut med ein av betre kvalitet. Og det vart til slutt postsekkane som varde lengst. Og endå seinare vart heile ausa laga av jarnplater. Kva årstal var så alt dette sett i gang ? Ingen ting var den tida notert, så eg trur det heile tok til i 1938. I allfall veit eg at den dagen då andre verdskrig tok til, i 1939 låg Capella og grov sjøsand ved naustet på Dæmring. Metoden med ausa eller skrapa vart brukt i mange år her i Stamnes. Men då det etterkvar vart vanleg med motordrevne vinsjar på alle skøyttene vart det utvikla høvelege små grabbar til lasting og lossing av båtane. Stamnes Motorverkstad A/S, var i stor grad med på denne utviklinga. Både med å laga grabbar, men og motordrevne lensepumper for båtane. Likeins vart det utvikla utstyr for vasking og sikting av sjøsanden som vart teke op.

Grabben gjorde att ein kunne ta sanden opp frå større djup, enn med den før brukte ausa. Og omsider gjekk bruken av denne ut. Og utviklinga av det nye utstyret har vel si eiga historie.